



Båthamna i Uskedalen har harde konkurrentar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Båthamnane i Uskedalen har harde konkurrentar både utover og innover i fjorden. Vi har før meldt at over 1.000 gjestebåtar har vore innom den nye båthamna i Rosendal sidan ho opna i pingsthelga.**

No opplyser Kvinnheringen at båthamna i Husnes aldri før har opplevd eit slikt jamt, stort tilsig av båtar som det har vore denne sesongen.

Roald Eikeset, som har vore hamnevert i 14 år, melder at mellom 50 og 60 båtar har lagt til kai kvar kveld denne sommaren og at rekorden ei natt er 100.

I fjor hadde Husnes Båthamn 3.200 gjestedøger og den rekorden kan bli slått i år. Det er rundt rekna tre gonger så mange som i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen